

## **Utkast til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn i 2013**

Fastsett av Fiskeri- og kystdepartementet xxx med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur § 5, § 6, § 7, § 8, § 9, § 12, § 19, § 24 § 26 (og med etterhald om Stortingets lovvedtak) § 33a og lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet (matlova) § 7, § 14, § 15, § 19 og § 26, jf. Kronprinsreg. res. 19. desember 2003 nr. 1790.

## **Kapittel I. Generelle føresegner**

### **§ 1. Formål**

Forskrifta skal medverke til å leggje til rette for ei berekraftig og konkuransedyktig havbruksnæring som kan bidra til aktivitet og verdiskaping langs kysten, og stimulere til utvikling av nye teknologiske løysingar eller driftsmåtar som legg til rette for å redusere miljøutfordringane knytta til rømming av oppdrettsfisk og spreiling av lakselus.

### **§ 2. Verkeområde**

Forskrifta gjeld tildeling av inntil 45 løyve til havbruk med matfisk av laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn og innløysing av inntil 35 tideigare gjevne løyve.

### **§ 3. Sakleg verkeområde for forskrifta og fordeling av løyve i denne runden**

For tildeling av løyve i

- gruppe A (Finnmark og Troms) gjeld kapittel I, II og V
- gruppe B (open gruppe med lukka bodrunde) gjeld kapittel I, III og V
- gruppe C (open gruppe) gjeld kapittel I, IV og V

### **§ 4. Utlysing av løyve**

Fiskeridirektoratet står for den offentlege utlysinga av løyva, og utlysinga skal mellom anna innehalde

- a) opplysningar om kvar søknadane skal sendast
- b) søknadsfrist og opplysing om at søknader som kjem inn til Fiskeridirektoratet etter søknadsfristen ikkje vil bli behandla
- c) at det ikkje er mogleig å endre søknaden eller komme med tilleggsopplysningar etter at søknadsfristen er utgått
- d) krav til søknaden
- e) storleiken på vederlaget for dei gruppene det er relevant for
- f) opplysningar om at bod innkomme i den lukka bodrunden er bindane og ikkje kan bli trukke tilbake
- g) at søknader som er mangelfulle etter § 5 blir avvist.
- h) opplysningar om søknadsgebyr

### **§ 5. Innhold i søknaden**

Søknaden skal innehalde

- a) opplysningar om kva gruppe søknaden gjeld
- b) opplysningar som er relevante i høve til tildelings- eller prekvalifiseringskriteria, jf. kapittel II, III og IV, medrekna opplysningar om korleis myndigheitene eller tredjepart kan føre kontroll med løysinga.
- c) opplysningar om kva løyve som eventuelt skal løysast inn, jf. § 7
- d) kvittering for innbetalt søknadsgebyr

e) dokumentasjon av økonomisk evne til å betale vederlaget.

I tillegg gjeld særskilde krav for søknad til open gruppe med lukka bodrunde, jf. §13.

Søknaden skal sendast på fastsett søknadsskjema. Søknader som ikke inneholder opplysningar som nevnt i bokstav a og c-e vert avvist.

#### **§ 6. Tildelingsmyndighet**

Eit fagleg kollegialt organ, (faggruppa), står for tildeling av tilsegn etter denne forskriften i første instans. Departementet er klageinstans for vedtak fatta av faggruppa.

Departementet utnemner medlemmer til faggruppa.

#### **§ 7. Innløysing av løyve**

Tilsegn om løyve i Gruppe A og B krev innløysing av eit gjeldande løyve til matfisk med laks, aure og regnbogeaur, som vil få endra vilkår tilsvarende det nye løyvet som er gjeve etter denne forskriften. Løyvet som vert løyst inn må vere knytta til same region som det nye løyvet.

Nye vilkår til det gjeldande løyvet gjeve etter denne føresegna trer i kraft to år etter vedtak om innløysing, jf. § 8 tredje ledd.

#### **§ 8. Vederlag og rett til drift**

Ved tilsegn om løyve skal søker betale vederlag til statskassa. Vederlaget per løyve er 10 millionar kroner. For tilsegn om løyve i Gruppe B, tilsvrar vederlaget det aksepterte bodet. Søkjarar i Gruppe B er bundne av boda sine inntil alle vederlag for løyve i denne gruppa er betalt. Fiskeridirektoratet informerer søkerane når betaling har funnet stad.

Vederlag for løyve skal betalast seinast innan 30 dagar (inkl. heilagdagar) etter at søkeren har motteke endeleg tilsegn. Tilsegna fell bort dersom vederlaget ikke er betalt innan denne fristen. Tildelingsmyndigheita kan i slike tilfelle tildele tilsegn om løyve på nytt.

Tilsegna gjev rett til å sökje om lokalitet(ar). Retten til drift startar når løyvedokumentet er skrive ut. Løyvedokument kan ikke skrivast ut før forvaltinga har endeleg avgjort eventuelle klagar i den aktuelle gruppa.

Dersom tilsegn om løyve blir omgjort i samband med klage eller etter forvaltinga sitt eige tiltak, får søker vederlaget refundert. Vederlaget blir ikke refundert ved eventuell seinare tilbakekalling av løyve på grunn av tilhøve som nemnt i akvakulturlova § 9 eller denne forskriften § 20. Det same gjeld dersom andre tilhøve gjer at løyvet tapar sin verdi.

#### **§ 9. Søknadsgebyr**

For behandling av søknad som nemnt i denne forskriften, skal søker betale gebyr, jf. forskrift av 21. desember 2001 nr. 1597 om gebyr og avgift i forbindelse med akvakulturvirksomhet § 2 første ledd. Kvittering for betalt gebyr skal leverast saman med søknaden. Manglande innbetaling av gebyr fører til at søknaden ikke blir behandla.

#### **§ 10. Vilkår**

Det skal setjast vilkår som medverkar til at dei kriteria som er avgjerande for tildelinga blir etterlevde.

Vilkåra skal gå fram av tilsegnet og løyvedokumenta.

## **Kapittel II. Gruppe A – Finnmark og Troms**

### **§ 11. Tildeling av løyve i Finnmark**

Inntil 10 løyve på 945 tonn maksimalt tillaten biomasse kan tildelast i kvar av fylka Finnmark og Troms.

Fem av løyva i kvart fylke er reservert aktørar som har 1 til og med 19 løyve (mindre aktørar) til oppdrett med laks, aure og regnbogeaure. Om ikkje alle løyva til dei mindre aktørane blir tildelt, kan dei resterande tildelast til større aktørar.

Det er eit krav for å gi tilsegn om løyve at søker forpliktar seg til å ta i bruk teknologiske eller driftsmessige løysingar som, samanlikna med løysingar som er i alminneleg kommersiell bruk, reduserer miljøutfordringane ved at løysinga

- a) gjev redusert risiko for at akvakulturproduksjonen vil påverke vill laksefisk som følgje av rømming. Løysinga skal være knytta til akvakulturanlegg eller biomassen i anlegget,
- eller
- b) sikrar at det til ei kvar tid er færre enn 0,25 vaksne holus av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) i gjennomsnitt per fisk, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6, eller at utsleppet av egg og frittsymjande stadier av lakselus til det omkringliggjande miljø ikkje er større enn det utsleppet ville vore frå tilsvarende tal på fisk med eit lusenivå på 0,25 vaksne holus i gjennomsnitt pr fisk. Grensa skal kunne overhaldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar mot lakselus per produksjonssyklus.

I prioriteringa mellom søkerar som oppfyller kriteria i tredje ledd, skal dei søknadane som har størst potensial for samla miljøforbetring etter kriteria i tredje ledd prioriterast. Tildelingsmyndigheita skal vidare legge vekt på om det er mogleg å kontrollere og føre tilsyn med at løysinga fungerer etter føremålet.

Tildelingsmyndigheita skal ikkje prioritere søknader som skildrar løysingar som tildelingsmyndigheita meiner det ikkje vil vere forsvarleg å nytte i praksis, jf. akvakulturlova § 10 og § 12. Tildelingsmyndigheten skal ikkje vurdere forhold som blir vurdert ved klarering av lokalitet.

I vurderinga etter tredje og fjerde ledd skal det leggjast vekt på graden av sannsyn og dokumentasjon for at løysinga søker har foreslått vil verke etter føremålet.

## **Kapittel III. Gruppe B – Open gruppe med lukka bodrunde**

### **§ 12. Tildeling av løyve uavhengig av region etter lukka bodrunde**

Inntil 15 løyve kan tildelast uavhengig av fylke eller region. Løyve som blir tildelt Finnmark eller Troms skal ha en maksimalt tillaten biomasse på 945 tonn. I resten av landet

skal maksimalt tillaten biomasse være 780 tonn. Løyva i denne gruppa skal tildelast etter ei lukka bodrunde med prekvalifisering.

### **§ 13. Særskilde krav for søknad om tillatelse etter Gruppe B**

Søknaden skal sendast med brev og skal i tillegg til opplysningane som er naudsynt etter § 5 minimum innehalde følgjande:

- a) Ugjenkalleleg bod utan atterhald i norske kroner.
- b) Dokumentasjon på betalingsevne.

Bodet og dokumentasjon på betalingsevne skal vedleggjast i eigen, lukka konvolutt knytta til den einskilde søknaden, merka ”Gruppe B” og namnet til søkeren. Bodet skal skrivast på særskilt skjema utarbeida av Fiskeridirektoratet. Søkjar kan berre gi eitt bod per søknad.

Søknader som ikkje tilfredsstiller krava ovanfor verte avvist.

### **§ 14. Vilkår for prekvalifisering og fordeling av løyve**

For å vere kvalifisert for å delta i bodrunden, må søker forplikte seg til å ta i bruk teknologiske eller driftsmessige løysingar som, samanlikna med løysingar som er i alminneleg kommersiell bruk, reduserer miljøutfordringane ved at løysinga

- a) gjev redusert risiko for at akvakulturproduksjonen vil påverkje vill laksefisk som følgje av rømming. Løysinga skal vere knytte til akvakulturanleggelsen eller biomassen i anlegget,

eller

- b) sikrar at det til ei kvar tid er færre enn 0,25 vaksne holus av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) i gjennomsnitt per fisk, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6, eller at utsleppet av egg og frittsymjande stadier av lakselus til det omkringliggjande miljø ikkje er større enn det utsleppet ville vore frå tilsvarende tal på fisk med eit lusenivå på 0,25 vaksne holus i gjennomsnitt pr fisk. Grensa skal kunne overhaldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar mot lakselus per produksjonssyklus

Det er eit krav at løysinga som søker forpliktar seg til å ta i bruk blir vurdert å vere forsvarleg å bruke i praksis, jf. akvakulturlova § 10 og § 12. Tidelingsmyndigheten skal ikkje vurdere forhold som blir vurdert ved klarering av lokalitet.

Faggruppa vurderer om prekvalifiseringsvilkåra er oppfylt for den einskilde søknad, og treffer eventuelt vedtak om avslag. Avslag kan klagast inn for departementet etter føresegna i forvaltningslova.

Når departementet har avgjort eventuelle klagesaker etter andre ledd, opnar faggruppa i internt møte boda frå dei prekvalifiserte og rangerer boda frå høgast til lågast. Rangering av bod med same pålydande blir avgjort av faggruppa ved lutkast. Prekvalifiserte søkerar med høgaste bod vil få tilsegn om løyve innanfor den kunngjorde mengda løyve, jf. § 12.

## Kapittel IV. Gruppe C – Open gruppe

### §15. Tildeling av løyve uavhengig av region

Det kan tildelast inntil 10 løyve uavhengig av fylke eller region. Løyve som blir tildelt Finnmark eller Troms skal ha en maksimalt tillaten biomasse på 945 tonn. I resten av landet skal maksimalt tillaten biomasse vere 780 tonn.

Det er eit krav for å gi tilsegn om løyve at søker forpliktar seg til å ta i bruk teknologiske eller driftsmessige løysingar som, samanlikna med løysingar som er i alminneleg kommersiell bruk, reduserer miljøutfordringane vesentleg ved at løysinga

- a) gjev vesentleg mindre risiko for at akvakulturproduksjonen vil påverke vill laksefisk som følge av rømming. Løysinga skal vere knytta til akvakulturanlegget eller biomassen i anlegget,

eller

- b) sikrar at det til einkvar tid er færre enn 0,1 vaksne holus av lakselus (*Lepeophtheirus salmonis*) i gjennomsnitt per fisk, jf. forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus i akvakulturanlegg § 6, eller at utsleppet av egg og frittsymjande stadier av lakselus til det omkringliggjande miljø ikkje er større enn det utsleppet ville vore frå tilsvarende tal på fisk med eit lusenivå på 0,1 vaksne holus i gjennomsnitt pr fisk. Grensa skal kunne overhaldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar mot lakselus per produksjonssyklus.

I prioriteringa mellom søkerar som oppfyller krava i andre ledd, skal dei søknadene som har størst potensial for samla miljøforbetring etter kriteria i andre ledd prioriterast.

Tildelingsmyndigheita skal leggje vesentleg vekt på om det vil vere forsvarleg å nytte løysinga søker har forplikta seg til å ta i bruk i praksis, jf. akvakulturlova § 10 og § 12.

Tildelingsmyndigheita skal vidare leggje vekt på om det er mogeleg å kontrollere og føre tilsyn med at løysinga fungerer etter føremålet. Tildelingsmyndigheita skal ikkje vurdere forhold som blir vurdert ved klarering av lokalitet.

I vurderinga etter tredje ledd skal det leggjast vekt på graden av sannsyn og dokumentasjon for at løysinga søker har foreslått vil verke etter føremålet.

## Kapittel V – Avsluttande føresegner

### § 16. Tilsyn

Fiskeridirektoratet fører tilsyn med vilkår om rømming fastsett i medhald av §§ 7 og 10.

Mattilsynet fører tilsyn med vilkår om lakselus fastsett i medhald av §§ 7 og 10.

### § 17. Søksmålsfrist

Departementet kan setje som vilkår at mogleg søksmål om forvaltningsvedtak fatta etter denne forskrifta er gyldig skal takast ut innan 6 månader frå det tidspunkt melding om fristfastsetjinga kom fram til vedkomande part. Departementet kan gi oppreisning mot oversitjing av fristen.

**§ 18. Reaksjoner, sanksjoner og tilbaketrekking**

Brot på vilkår etter § 10 kan bli møtt med reaksjonar og sanksjonar etter lov 17. juni 2005 nr. 79 om akvakultur og lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet (matlova).

I medhald av akvakulturlova kan Fiskeridirektoratet trekke tilbake løyvet, mellom anna ved grove eller gjentekne brot på vilkåra eller dersom vilkåra ikkje er oppfylt innan rimeleg tid etter at tilsegn er gjeve. Eit løyve som er trukke tilbake vil ikkje bli tildelt på nytt.

Innehavaren av løyve eller tilsegn skal minimum 6 månader før tilbaketrekking finne stad, få førehandsvarsel om slikt vedtak

**§ 19. Ikraftsetjing**

Denne forskrifta gjeld frå xx.xx.xxxx